

Torgdagen i Bergen



By og Land Hand i Hand

Vi søker støtte til Torgdagen i Bergen 2019



Styret har, sidan 1977, gjort det mogeleg for organisasjonen å bli ein arena for frivillig kystkulturutøving. Alt arbeid er gjort på dugnad. Torgdagen i Bergen sitt formål er å gjennomføra Torgdagen i samarbeid med kystlag og andre organisasjonar, å ta vare på gamle handelstradisjonar, og medverka til utvikling av kystkulturen i Bergen og omland.

Torgdagen 2019 vert laurdag 8. juni.



På Torgdagen ønskjer vi å gjera bymann og stril stolte over, og trygge på, vår kulturelle arv. Vi vil at Torgdagen skal halda fram med å vera ein merkedag for kystkulturen, både som festdag, marknadsplass, og som møteplass for kystkulturinteresserte på Vestlandet i vid forstand. Det vert mellom anna delt ut prisar for best bevarte/restaurerte båtar og finast utkledding. Det er også ein rokkonkurranse der unge og eldre måler krefter og teknikk.

Torgdagen er ein årvisst merkedag for bymann og stril. Denne dagen syder Torget og Vågen av liv, lyd, lukt og opplevingar. Kystkulturen innanfor fleire område er synleg gjennom store og små båtar, song, musikk, stev, historiar, fiske, tradisjonsmat, og tradisjonshandverk for både kvinner og menn. Langs alle kaikantar ligg små og store tradisjonsbåtar, og på Torget er folk kledd i gamaldagse klede. Torgdagen i Bergen er ein festdag som er gratis og tilgjengelig for alle.

Torgdagen har mange viktige roller for kystkulturen. Torgdagen tek vare på Torget som historisk møtepunkt, samt matkultur og handelstradisjonar. Torgdagen er også eit utstillingsvindaug for tradisjonshandverk som er på veg til å bli gløymt. Ein svært viktig del av Torgdagen er at vi inviterer til bruk av, og til å vise fram tradisjonsfartøy, både store skøyter og fjordabåtar, og små, opne bruksbåtar.



Torgdagen har allsidig underholdning frå scenen, som er med på å ivareta bergenske- og strileviser, musikk og dans. Barn og unge er ein viktig ressurs for å vidareføra tradisjonen rundt Torgdagen. Gjennom rekruttering mellom anna frå «Ungdommens kulturmonstring», får barn og unge opptre frå scenen og kan slik vera med å fremja kystkulturen i Hordaland. På Torgdagen har vi og med Redningsselskapet som lærer barn og unge sjømannskap, samt ta dei med på tur med «Elias» båten. Denne dagen har også kystlaga og andre organisasjonar viktige inntekter gjennom sal av mat og varer som går til drift av laga og vedlikehald av båtar.

Torgdagen er stolt over å vera ein attraktiv arena for det frivillige kulturarbeidet, både for tradisjonsrike utøvarar og yngre personar som gjerne vil vera med på å ivareta kulturarven. Torgdagen er ein dag som profilerer Bergen som maritim by og som kystby, og som dessutan gjev positive ringverknader for byen og regionen. Dette er ein dag som samlar både bymann og stril, og folk kjem tilreisande frå heile regionen for å være med på det yrande folkelivet og sjå, høyra og oppleve alle båtar og boder på Torget og i Vågen.



Ved å støtta oss med eit tilskot, vil de bidra til gjennomføringa av Torgdagen 2019. Alle bidrag, stort eller lite, er vi takksame for.

Som takk for støtte over kr 5000,-, får de logo på nettsida vår, og logo i programmet.

Venleg helsing
Rolf Vonka
Styreleiar for Torgdagen i Bergen
Org. nr. 982 903 874
Kontonummer: 3624 59 27511
post@torgdagenibergen.no
www.torgdagenibergen.no

By og land – hand i hand!